



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-5
Journalpostid: 20/3993

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode: K1-033
Dato: 15.06.2020

Møtebok, 15.06.2020, kl. 10.00 – 11.30

Frammøte: Marete Sæbø, Johanna Håbrekke, Harald Næss, Ole-Johnny Odland

Ikkje møtt: Magnar Røise, Frode Eriksen, Sigrid Bu

Vara: Aslak Læg Reid, Liv Medhus

Sak 4

Godkjenning av møtebok

Det var ingen merknader til møtebok. Møteboka godkjent.

Sak 5

Abonnementsavtale for servicetilbud på bygdaheimen.

Rådet er positiv til avtalen sidan den både er effektiv reint administrativt og billigare for brukarane. Likevel ynskjer me å få samanlikna prisane med tilbudet på Bråvolltunet i Ullensvang kommune. Sekretær har i dag, 15.06, kontakta Ullensvang kommune og bedt om å få tilsendt oppdaterte prisar.

Sak 6

Uttale vedk. konsesjon for landingsplass for sjøfly.

Rådet er i utgangspunktet positiv til tilbudet desse gjev til både tilreisande og fastbuande, men er delt i synet på kor landingsplassen bør lokaliserast. Nokre meiner den bør vera på Brimnes, andre meiner den bør vera i sentrum ved kaia. Det alle i rådet er einige om er at flytida bør avgrensast tidsmessig til kl. 10 – 18 av omsyn til barn og leggetid.

Sak 7

Val av medlem og varamedlem til Samarbeidsutvalet på bygdaheimen

Medlem: Marete Sæbø, varamedlem: Johanna Håbrekke



Sak 8

Dagsturhytte

Rådet er positiv til idéen om dagsturhytte i Eidfjord. Dette vil verta eit flott tilbod til små og store, til fastbuande og tilreisande – aktivitet, friluftsliv og folkehelse.

Lisbeth B. Celik vil informera nærare om tilbodet på nytt møte til hausten. Du kan lesa meir om prosjektet på dagsturhytten.no


Sak 9

Ymse

Rådet bed SU ved bygdaheimen om å konkretisera forslag til uteaktivitetar rundt bygdaheimen. Med konkrete forslag og prisoverslag vil me søka Sparebanken Vest om midlar til realisering av gode aktivitetstilbod på området.

Vegkryssing nedanfor skytebana i Ø.Eidfjord er svært farleg. I turistsesongen er det mange som går frå natursenteret, over den gamle steinbrua over Bjoreio og over vegen til skytebana. Kryssinga er uoversiktleg og risikabel og bør utbetrast.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Ole-Johnny Odland.



Marete Sæbø (leiar)



Ole-Johnny Odland

Med venleg helsing
Eidfjord kommune



Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok